



## SAKSFRAMLEGG

--	--	--

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Rikke Haagensen		23/1266

### Godtgjering valmedarbeidarar

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Frå og med valet i september 2023 får innleigde valmedarbeidarar i Vaksdal kommune Kroner 2.400,- for ein dag  
I tillegg får leiar eit tillegg på kroner 1.500 ,- og nestleiar kroner 1000,-

#### Bakgrunn for saka

Dei siste åra har godtgjering for innleigde valmedarbeidarar i Vaksdal kommune vore kroner 800,- pr.dag. Vidare har leiar hatt kroner 480 ,- i tillegg  
Det har synt seg at denne godtgjeringa er av ein storleik som gjer rekruttering vanskeleg. Tilsette i kommunen som har vore nytta i valarbeidet har hatt si løn og dei ordningane dei har for overtid. Denne sak handlar om personell som blir leigd inn i samband med vala.

#### Saksutgreiing

Det er ulike ordningar for honorering av valmedarbeidarar i kommune-Noreg. Nokre kommunar har time honorering og andre for oppdrag/ pr.dag. Det er skilnadar både på storleik av honorar og kva som ligg i summen. Nokre kommunar har timesats og andre ein sum pr.dag.  
Det er ulik bakgrunn og tadsjonar som ligg til grunn for honorar (sum), timesats / honorar pr.dag. I Vaksdal har det vore honorerert for oppdrag pr.dag. Summen var truleg sett på bakgrunn av møtegodtgjering politikarane fekk til politiske råd og utvalg.  
Politikar godtgjering er for møter gjennom eit heilt år. Valmedarbeidar honorering er for oppdrag ein gong kvart andre år. Kommune / Fylkes kommunel og val til Stortinget.  
Denne saka skal ikkje omhandle ordningar politikarar har for møtegodtgjering, men kun innleigde valmedarbeidarar.  
Det er gode grunnar for å auka dei satsane vi har. Det syner seg vanskelegare og vanskelgare å rekruttere til oppgåva. Samstundes set nok nye elektroniske (digitaliserte) løysingar i gjennomføring av val nye og meir omfattande krav til innleigd personell. Utviklinga med meir digitaliserte vallg set nye krav til valmedarbeidarar.

Etter kommunedirektøren sitt syn vil då eit honorar for ein heil dag på kroner 2.400,- vere motiverande for innleigd personell, slik at vi og frametter får nok hjelp til å gjennomføre gode og trygge valg i Vaksdal kommune.

**Ordninga med kjøregodtgjering osb held fram slik den ellers er i kommunen.**

